

Ved innlogging på nettsida blir det lagra informasjon om kven som loggar inn og kvar ein loggar inn frå. Hallingdølen nyttar informasjonen for å avdekka misbruk av abonnement. Brukarnamn og passord til Hallingdølen digitale produkt må ikkje delast med andre enn dei som er fastbuande på abonnentens bustadadresse. Eg forstår Abonnementsvilkår

# Hallingdølen kultur

LAURDAG 14.FEBRUAR 2015



Arrangør: Erlend Medgard og Øystein Etterlid.

KJØP BILDE FULL STØRRELSE

## Håpar på ball også neste år

■ Håpet er at dei har lagt eit grunnlag for å setje opp Sundreball også neste år.

### Relaterte artiklar

03.02 **Barnerock det svinga av**

Line Sandvik

Publisert: 03.02.14 15:29 Oppdatert: 03.02.14 15:29

[Skriv ut](#) [AAA](#)

3 Liker 0 0

Det var jamt over gode konsertar og flotte musikkopplevingar for dei rundt 400 besøkjande på Sundreball på Sundrehall i helga. Men arrangørane må berre innsjå at det vart nokre titusenar for lite i kassa.

– Me har ikkje talt opp enno, men det blir mellom 30.000 og 50.000 kroner i underskot, trur Øystein Etterlid.

### Reservekasse

Til alt hell har dei ei lita reservekasse etter tidlegare arrangement. Men tapet må dei dekke av eigen lomme.

– Men Sundreball gjekk veldig fint. Musikanane leverte som berre søren. Eg trur mange vart positivt overraska, seier Etterlid. Men oppmøtet var så som så. Torsdag var det rundt 30 som møtte opp. Fredagskvelden kom det i overkant av 100, og laurdag var det om lag 230 i salen.

– Me hadde kapasitet for fleire folk, for å seie det slik, poengterer Etterlid. Men legg til at spesielt laurdag var det veldig god stemning. Med eit forholdsvis vakse publikum og fire knallbra band.

#### **Neste år**

– Me reknar med at det neste år kjem fleire folk. Så me er nesten sikre på å setje opp Sundreball igjen, fortel arrangøren. Så kan dei kanskje få att noko av det dei har tapt i år.

– Det må nemnast at me hadde mykje flott dugnadshjelp. Me sparka kanskje i gang litt for kvast i år, men det er noko med å dra dette i gang over fleire år. Eg trur me går vidare. Kanskje me må involvere bygdefolk litt meir. Me har fått gode attendemeldingar etter helga. Og trass mykje å gjere, har me fått nytt konsertane me også. Det er artig, når me har lagt ned så mykje jobb, seier Etterlid.

Annonse

Annonse

Annonse

Annonse

Annonse